

Referat

Møtereferat 8.3.2017. Prosjektgruppe - felles kultur, identitet og symbol

Møtenummer:	Møtedato: 8.3.2017
Deltakarar: Aud Kari Isane, Trude Risnes, Kjetil Kvåle, Frode Bøthun. Forfall: Rita Navarsete	Ref. sendt til: Aud Kari Isane, Trude Risnes, Kjetil Kvåle, Frode Bøthun, Rita Navarsete. Kjellaug Brekkhus Maj Britt Brendestuen

1. Kommunevåpen

Framlegg til invitasjonsbrev til idekonkurranse vart gjennomgått og ein vart samde om nokre endringar. Trude lagar framlegg til nytt første avsnitt, Johannes justerer resten av brevet. Endra framlegg skal føreligge til neste møte.

Teksten i brevet skal også vere utgangspunkt for annonse i Sogn Avis.

Invitasjonsbrev til skular og lag/organisasjonar bør sendast ut i veke 12 og arbeidet med ekstra oppfølging av utvalde skuleklassar og eventuelt andre bør startast opp så snart råd er. Aud Kari lagar plan for oppfølging og arbeidsfordeling til neste møte.

Framlegg til «Plan for prosess for å velje nytt kommunevåpen» vart gjennomgått. Dette dokumentet er eit overordna oversyn over dei ulike fasane i arbeidet som skal leggjast fram for fellesnemnda i møte 5.4. Ein vart samde om nokre endringar. Johannes lagar justert framlegg til neste møte.

2. Felles kultur og aktivitetsprogram

Arbeidsdokumentet. «Felles kultur og aktivitetsprogram» var framlagt. Dette var det lite tid til å drøfte, så det blir hovudtema på neste møte. Johannes skal sjå på forslag til retningslinjer for aktivitetsfond.

3. Kommunikasjonsstrategi

Grappa ser det som svært viktig med ein god kommunikasjonsstrategi for sine tiltak. Dette gjeld også andre deler av kommunesamanslåingsprosessen og bør difor samordnast.

4. Neste møte

Fredag 16 mars. Kl 12.30 – 15.00.

Videomøte Balestrand Rådhus og Distriktssenteret, Fosshaugane Campus